

# Attemed ånå

TOBIAS SKRETTING

Og åa har vove seg med, og fletta seg inn i minne og inntrykk, i leik og arbeid. Åa er det faste naturmerket som me knyter heimen og heimbygda til, og som me nyttar i det daglege til å orientera oss etter.

Synnanom ånå, seier me, ovanom brunå, oppmed stemmen. Og me har namn på kvar einaste høl: Podlane og Nærlandshød'l, Breiangjen, Blokkhød'l, Rennå, Sidå, Klområ og Vigrehød'l, Raudaneset og Rægje. Og me har og namn på andre kjennemerke oppetter: Hålå og Røyren, Rekstret og Luktå. Og rett nedanom oss vaks det ein sevdot der oldemor mi tok sev til sko og golvmatter. Sevdotten vart sjølvsagt heitande "Dotten in's Dorte", og alle visste kor det var. Det var mest så det var litt vemodig då gravemaskinen auste han på land under opprenskingsarbeid.

Kor kjeme åa ifrå? spurde eg etter då eg var barn og verda ikkje var større enn så at det var råd å ha oversynet. Å, jau, sa dei gamle, åa kjem avleites ovanfrå Timesokna. Ovanfrå Timesokna, det var greidt nok det. Ljoset og varmen kom frå sola, regnet frå skyene, negrane budde i Afrika og åa kom ovanfrå Timesokna.

I mange år var Time, for meg, på ein forunderleg måte knytta til åa og alt som hadde med den å gjera. Og ennå i dag er åa med og bind i hop menneska som bur attåt ho, sjølv om kommunegrensa deler.

Det er løye, når eg tenkjer på det, og minnst tilbake,

korleis mykje av minna er knytta til slikt som har vore bore opp bakken, og heim frå åa. Frå den første spratlande ålen boren etter kroken i trygg avstand uti enden på stonga, og sjølv om det var nervepirrande å ta i han, så skulle han fåast og ho gamlemor måtte steikja han på panna, Hadde ein ikkje alltid høyrte på at dei gamle skrøyte av kor godt det var med ål, kanskje? Det var forresten første og siste gonga eg prøvde å få tennene gjennom ein halvsteikt ål.

Og så den ufyselege lambreten, er det ikkje forunderleg korleis noko levande kan sjå så stygt og rote ut? Me stakk dei nedpå straumane når sommaren var på det varmaste, og bar dei heim til skrekk og grøssing.

Og det var skjøler og perler! Å du kor lenge eg gøynde på dei første, brune. Sjølv om dei vaksne sa dei var verdlause, så var det allikevel perler. Og det var spaning og forventning liksom lagra i dei. Eg hadde dei i ein boks under hovudputa og tok dei fram av og til etter at eg hadde lagt meg. Og når eg då sat med dei i handa, kunne eg kjenna lukta av skjøl og å, eg kunne sjå ålane som samla seg når me sat på å-kanten og skeinte og kasta dei opna skjølene uti, sjå korleis dei aula og sleit og drog i den gode maten. Eg kunne kjenna spaninga for kvar ny skjøl som skulle skeinast, om perla låg der som ein klump atti kanten på skalet. Eg såg å-botnen med skjølene berre som små, mørke rivner i sanden. Dei var vanskelege å få auga på dersom dei vart skremde og lukka seg att.



*"Lauging i Maulandsånå" heiter biletet. Torleif Søyland i framgrunnen lurar på om vatnet er varmt nok til å kasta seg uti. Fotograf er truleg Ola Grødem. \*Fotoarkivet i Hå Folkebibliotek.*

Perlene kunne få fantasien til å leva og spela anten dei var brune eller blå eller blanke. Verdlause, sa dei vaksne, og for dei var det pengane som talde. Å du, kor tåpelege me vert med åra! Som om nokon eigarmann til dyre, flotte perler noka tid har hatt meir glede, meir verdfullt utbytte av sine skattar, enn det ein gutunge ved åa kunne ha av slikt som dei vaksne berre kasta!

Å ja, det kom saktans og den tida då gutungen verdsette perlene i pengar. Men så kom det til som var meir verd: Ein ring! For det var sjølvsgat at jenta til ein gut ved åa måtte ha ein perlering. Og den perla måtte vera vidunderleg fin.

Det var berre det at skjøler og perler vart det mindre og mindre av, og ei jente måtte der til. Og så var det ikkje anna

råd enn berre å leita fram den likaste av bomulla i Globoidboksen og setja gullsmeden i arbeid.

Løye nok, så hadde eg det vitet. Det er slett ikkje alle som har det. Og det er nå ein gong så med den giftinga at om ein ikkje renner til og får det gjort i ungdommen, mens ein er fottalaus og vill, ja så skal du ha takk. Då vert det fort til at perla aldri er fin nok. Og det er nå tross alt viktigare at jenta er gild og fin enn at perla er det.

Heldigvis hadde ho ikkje betre greie på det, ho takka til og lest vera vel fornøgd. Ja ja, ringen var fin den, og gullet var ekte nok. Men sidan har perlefisket mista interessen.

Annleis då med laksen. Eg var ikkje store karen då eg kunne slita meg heim bakken med den første som eg sjølv hadde vore med og fiska. Eg minnest han ennå, det var ein blank fin holaks på litt over seks kilo. Han var tung å drassa heim, men ikkje tale om at nokon skulle hjelpa til, tenk det! Og skrøytet heime var heilt på høgde med det eg venta meg!

Å ja, seinare har det vorte mange laksebørar å bera heim. Men sjølv om blodet renn tåligare og vanen sløvar, så vert ein aldri for gammal til å kjenna gleda og spaninga. Og når lågtrykka sig inn frå vest, og regnet sopar innover landet, og fisken tek til å tyggja med tåknene og kila seg imote det brune, feite flaumvatnet, så kjenner også me kriblinga i kroppen, og skjyngjer nedetter mot åa og held auge med naboane.

Og sjølv om me er aldri så bestemte på at me slett ikkje har tid til å gå og vasa med åa, så veit me ikkje ordet av det før me står og leitar fram garn og snøre, og dibbar og trør for å skunda på og verta før dei andre.

Og når så garnet er uti, og snøret ligg i neven som ei dirrande nerve ut til flåa, og det er tid for å slappa av og berre la føtene følgja straumen i det jamne siget som leitar

lite på kreftene og som ein ikkje kan læra på skulebenken, så kan ein kika etter om dei andre snart kjem. Og når me så rekkjer forbi dei på oppvegen, og drøser litt med dei, er augo klåre og faktene tålege, og me har slett ikkje noka tru på at det er noko særst med fisk på åa!

Og alle dei gongene me subbar oss heimover like tomhendte som me gjekk ned, med søkkblaute klær og augo i hårgarden, dei hugsast ikkje. Men dei høyrer med dei og. Du lær'inkje slå før du kan kveggja! sa den gamle. Og såleis er det med laksen og åa og. For å kunna kjenna den rette gleda og spaninga, må ein og kunna una seg berre med å gå og prega og inkje få.

Nå er det ikkje berre glede og rikdom med åa, og ikkje berre laks og perler som har vorte bore heim. Det har og vore bore tunge børar opp bakken til heimar i sorg og avmakt. Og den som ein gong har bore sorga til husan, og sett ei lita seng tom om kvelden, trør ikkje lenger så lett opp bakken som før. Det kan og vera åa!

Å ja, det er minne og erindringar knytta til åa og heimen. Men åa er noko meir enn minne, meir enn fortid og fjerne år. For oss som lever innpå ho, er ho med frå dag til dag, på godt og vondt. Ho er øydeleggjande flaum over blaute marker, ho er eit sår i samvitet når me tenkjer på korleis ho var då me var ungar, og korleis me har skitna ho til og øydelagt ho. Men og ei utfordring til oss om å stella oss slik at me kan gi ho vidare til slektene etter oss utan å skjemmast. Ho er drikka for krettura og vaskeplass for reiskap. Ho er (var) ljose netter med snøre og flå mellom ei kone og ein mann, to som har levd så lenge i hop, og kjenner einannan så godt, at dei berre kan rykkja litt i snøret og le åt einannan for å kjenna varmen og viljen tvers gjennom straumen.

Ho er ei høyranke langst med reina der ein kan gå og prega med riva og sæta og kosa seg i lukt av gamle dagar, gamle dagar med endelause kjelver og verkjande armar. Nå er det berre kosen og solglitteret tilbake. Graset ligg trygt i siloen og dei få såtene er vel vinnande.

Og åa er heim og matfat for fugl og småvilt. Av og til er ho ein blindveg for ein uerfaren kobbe som ikkje har forstande at han må symja med straumen for å koma til sjøen. Og ho er ein mørk, strid veg for ein gammal, brun rugg av ein hakabrand som kjenner farane og smyg seg fram attunder landbråtet i mørke haustnetter.

Åa er eit band mellom folket som bur langstmed ho, ein felles arbeidsplass og eit felles ansvar. Ein felles angst som høg til når mødre spring og ropar og leitar etter ungene. Og ei dagleg påminning om at tida renn og dagane lakkar for oss alle. Men ho er og eit løfte om at garden og heimen skal vera der, og nye straumar skal veksa og fløyma så lenge sola skin og regnet samlar seg ned etter landet og leitar seg veg attende til havet.

Utdrag frå "Attemed ånå" frå 1996